



DEN NORSKE KYRKJA

Bjergvin biskop

MOTTATT

24 OKT 2014

Kulturdepartementet
Kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dato: 22.10.2014

Vår ref: 14/6227 - 2 JSE (14/29403)

Dykkar ref:

Høyringsfråsegn: Staten og Den norske kirke – et tydelig skille

Bjergvin biskop takkar for høyringsdokumentet «Staten og Den norske kirke – et tydelig skille». Dokumentet syner i hovudsak ei god forståing av korleis kyrkja si framtidige uavhengige stilling lyt utviklast.

Samstundes vil eg løfta fram nokre synspunkt i einskilde saker:

1) Kyrkjelov - rammelov - ny lov om trudomssamfunn

Lova som Stortinget endeleg skal vedta for Den norske kyrkja, og som seinast lyt vere klar i 2020, bør ikkje vere ei omfattande kyrkjelov som den vi no held på å revidere. Ut frå omsynet til trusfridomen bør den nye lova vere ei kortfatta rammelov som berre slår fast nokre sentrale tilhøve som t.d. at kyrkja skal vere ei landsdekkande folkekyrkje(jf. Grunnlova § 16) med eige vedkjenningsgrunnlag og med dåpen som medlemskriterium. Andre tilhøve ved kyrkja si organisering og virke lyt overlatast til Kyrkjemøtet å bestemme.

Ei slik rammelov kan vere ei eigen lov, men ho kan òg tenkast å inngå som ein eigen bolk i ei ny samla lov om livssyns- og trudomssamfunn.

2) Soknet og nasjonalkyrkja

Frå kyrkja si side har det ved fleire høve blitt understreka at soknet er grunneininga i kyrkja vår, og at prosessen fram mot ny kyrkjeordning ikkje må sette soknet sitt sjølvstende i fare. Det er derfor ikkje underleg at Departement er opptatt av det same når ein på s. 24-25 drøftar om Kyrkjemøtet bør få overført fullmakt til å delegere oppgåver til soknet. Ei slik fullmakt ligg i dag etter Kyrkjelova (§§9 og 14) hos Kongen eller departementet. Ut frå logikken i lausrivinga frå Staten vil det vere naturleg å la denne fullmakta no gå over til Kyrkjemøtet. Når departementet likevel ikkje foreslår dette, skuldast dette nettopp at ein ikkje vil etablere eit over- og underordningstilhøve som kan svekkje soknet sitt sjølvstende. Her kan eg ikkje følgje departementet. Soknet er kyrkja si grunneining fordi det er i soknet at Ordet vert forkynt og sakramenta vert forvalta. Her vert kyrkja stadig grunnlagt på ny. Det er klårt at soknet sine organ (sokneråd og fellesråd) må ha fullmaktar som set dei i stand til å fylle sine oppgåver. Men dette er ikkje det same som å gi soknet sjølvstende i tydinga av autonomi. Soknet er allereie i dag på ei rekkje område pålagt å følgje vedtak i sentrale organ, t.d. i saker som vedkjem tenesteordningar, reglar for bruk av kyrkja, liturgiar osv. I ei ny kyrkjeordning vil det vere naudsynt å etablere eit mynde for sentrale organ til å

fatte vedtak som skal gjelde for heile organisasjonen. Dersom kyrkja skal få ein heilskapleg og funksjonell struktur vil dette myndet neppe kunne vere svakare enn det er i dag, snarare tvert om. Etter mi meining lyt difor Kyrkjemøtet få overta denne delegasjonsfullmakta som no ligg hos Kongen/departementet. Sjølv om denne fullmakta hittil ikkje har vore nytta, er ho likevel eit viktig signal om samanheng og einskap i kyrkja; og ho opnar for at ein kan ta naudsynte grep frå sentralt hald innan den nye kyrkjeorganisasjonen.

3) Lovfesting av prestenesta

At kyrkja skal ha prestar er for ei luthersk kyrkje noko sjølv sagt. Mindre sjølv sagt er det kan hende at prestane må sikrast eit viss sjølvstende i høve til soknet sine organ. Ut frå ei grunnleggande tenking om Ordet sitt primat i kyrkja vert det viktig å hegne om prestens mynde til, innan visse grenser, sjølv å kunne finne fram til korleis ho eller han kan leve opp til ordinasjonsløftet og ikkje bli detaljstyrt av det kyrkjelege demokratiet. Dersom prestenesta sitt sjølvstende skal lovregulerast er det likevel i utgangspunktet ikkje naturleg at dette vert gjort i ei lov som Stortinget vedtek. Ei slik lov må prinsipielt sett vedtakast av kyrkja sjølv ved Kyrkjemøtet. Den formuleringa som departementet foreslår til ny § 34 (s. 36) er likevel av ein så sjølv sagt karakter at den ikkje kan seiast å gripe utilbørlig inn i indrekyrkjelege tilhøve.


4) Klagenemnda

Det er naturleg at det vert oppretta ei klagenemnd i kyrkja. Men det er ikkje heilt klårt i høyringsdokumentet kva for saker som denne nemnda skal få på sitt bord. Saker som ligg under prestane og biskopane sitt læreansvar bør ikkje verte lagt i hendene på ei slik nemnd. Når det t.d. vert vist til vedtak om tap av presterettar, så er dette eit døme på ei sak som nokre gongar kan krevje ei omfattande teologisk vurdering. Denne kan ivaretaast av ei form for lærenemnd, eventuelt kan ei lærenemnd koplatt inn i prosessen før klagenemnda fattar sitt vedtak. Ein kan òg vurdere om eit samla Bispemøte kan fungere som klageorgan i saker med klåre teologiske implikasjonar. Det kan ikkje vere aktuelt å la verken ei klagenemnd eller noko anna organ få overprøve biskopen si forvaltning av sitt mynde som vigslar til kyrkjelege stillingar.

5) Soknemøtet

Soknemøtet har tradisjonelt hatt eit visst mynde i vår kyrkjeordning. Dette er eit uttrykk for ei form for allmøtedemokrati som er framandt for kyrkjelova som elles berre kjenner til eit representativt demokrati. Soknemøtet bør ikkje bli arena for populistiske aksjonar som undergrev soknerådet sitt mynde. Soknemøtet bør difor berre ha uttalerett og ikkje vedtaksrett.

Med helsing


Halvor Nordhaug
biskop

